Nr. 1 1898

Fridom

Tidskrift for sjølvjelp og sjølvstyre

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Inhald:

Soga om folkestyre.
Livskrave.
Begreber—illusioner. (Av *Kristofer Hansteen.*)
Aandens stridsmenn.

Dette hefte kostar kr. 0.50.

Oslo Prenteverk.
Akersgata 73 b.

Fridom

Blastyrar: *Ivar Mortenson*

Nr. 1 | Kan tingast paa alle posthus aa i ekspd. Oslo Prenteverk, Akersg. 73 b, *Kristiania*. 2 kr. aare. 6—8 hefte (minst 12 ark). — Redaksjonsadresse: Einabu, *Litlelvdalen*, Norig. | 1898

Soga om folkestyre.*)

Me va komne so langt at me hadde vorti kvit kongane; jamvel arbeiarane hadde faatt stemmeret so no skulde vel alle folk vera fornøgde.

Aa nei! Mykje vil ha meir.

Jamt æ dæ so med folk, at om dei hev dæ aldri so gott so æ dei ikje fornøgde. Alti ska dei ha nokon aa ovundas paa, alti ska dæ vera noko aa kjeklas om.

Men no hadde dei ingen konge aa kjeklas med, aa so va dæ inga annar raa, dei maatte venda seg mot stortinge.

Dæ va dette som va dæ leiaste med stortinge at der var so lite rom. Bare ei 3—400 om gongen kunne sleppa in, aa dæ va likeso mange tusen som helt seg minst jamkloke med dei som slapp in, men no maatte dei venta heile 3 aar, før dæ vart nokon plas ledig. Aa sjølv daa va dæ ikje so greit.

*) Sjaa «*Korleis frikaran kom op*» i «*Fridom*» no. 5. 1897.

Han Lars husmann aa han Per snikkar sto net aa talas ved om dette.

Han Lars husmann meinte at fridomen maatte vera framfødd no, han.

— Kor kan du tala so — spurde 'n Per.

— Jau d'æ daa folke som jer lovene sjølve, aa me kan stella os som me vil i alle ting.

— Du seier at me jer lovene vaare sjølve du, kva lover æ dæ no som eg aa du hev jort daa? Eg veit ikje om at eg hev jort nokre lover, so det laut vera du dæ daa Lars i so fall.

— Nei, no æ du vrang Per, du veit daa dæ, at me alle hev stemmeret aa æ med aa velja folk paa stortinge, aa daa æ dæ fleirtale som avjer al ting.

— Aa, nei dæ kan du ikje vera for tryg paa.

— So?

— Jau for den sak skuld treng dæ ikje aa staa meir en aattendeparten av folke bak dæ som bli lover.

— D'æ ikje mogeleg lel, veit eg.

— Jau dæ *kan* vera mogeleg. Om partiane staar mest like i ei bygd, so kan du seia at valmennene repræsenterar halvparten av veljarane; men dersom dæ no og æ 2 jamsterke parti millom valmennene, naar dei kjem ihop aa ska velja stortingsmenn, so repræsentarar kvart altso bare halvparten av valmennene eller fjordeparten av veljarane; aa dersom lovene no ogso bare fær eit knapt fleirtal i stortinge so bli dæ aattendeparten av veljarane som hev stemt for dæ som hev vorti lov. Aa endaa kan dæ vera mange folk som slet ikje hev stemt. Æ dæ slikt du kallar for fleirtalsstyre aa at me jer lovene sjølve, at me gaar sta aa stemmer paa 3—4 som ska vera ilag med ei

3—4 andre fraa kvar bygd til aa velja 4—5 fraa amte, som ijen ska koma saman med 4—5 fraa kvart av dei andre amta — daa æ sanneleg du ein kar som æ nøgd med lite. Dæ æ nok ikje anna en husmansblo lel i deg Lars, skynar eg.

Lars vart arg aa meinte paa dæ at desse storsakene vart dæ daa tala om so lenge, at der maatte no folkeviljen lel koma fram, naar saka bare fekk fleirtal i tinge.

Ja, meinte'n Per det kunne i høgda vera ei 2—3 storsaker, som dei la fram aat veljarane, men so tøygde aa tøygde dei endaa so lenge med aa jenomføra dei, bare fann ut alle slag vanskar, so at dæ same programme staar like blankt aa urørt til næste vale. Aa sjølv om dei jer etter folkeviljen i desse 2—3 sakene, so veit du at dæ æ mange fleire saker som bli avjorte paa stortinge, aa der bli ikje folk so mykje som spurt til raads eingong. Aa naar ein mann hev seti 3 aar paa stortinge daa hev han vorti bymann aa æ ikje til aa kjenna att.

— Ja kva vil du so me ska jera.

— Velja beintfram, uta millommann, aa stortingsval kvart aar, dæ æ einaste raada som duger.

Ja den raabota lika baade han Lars aa fleire med han, aa dæ vart snart so mange at det vart ført ijenom. Daa vart dæ skifte so ofte, at nokon kvar kunne bli stortingsmann.

Men endaa større vart flokken av dei som vilde bli. Alle tenkte seg goe nok til dæ, dei va no vist like so vituge nokon kvar som han Jensen aa Knutsen aa Paalsen som va paa tinge no, meinte dei. Aa dæ vart slik ein kritik over alt som stortinge jorde, at

dæ va ingen fred aa faa, dæ va smell aa sjenn i aviser aa paa folkemøte kvar skapte dag.

Daa stortinge saag alt dette tok dæ til aa bli forfælt. Ska dæ bera slik iveg — sa dæ — so kjem dæ snart til aa gaa os som det hev gaatt med kongen aa med rejeringa, me bli so bortgløymde at ingen agtar paa os.

Men dei va ikje raalause dei som sat paa stortinge hell. Dei hadde eit privat møte til aa dryfta saka, aa der va dæ ein gamal klokkar som helt eit foredrag der han sae: — al denne umogne radikalismen no om dagar æ i grunnen ikje anna en ein magesjukdom. D'æ som ein kalvedans paa grøn eng, men set du kalven paa baas aa jev han høveleg foring so hev eg ikje set anna en at han spaknar nokso snart. Sjølv grisen veit me æ spræk med han æ ung. Difor æ dæ mit forslag at me byggjer riksens fehus mykje jildare aa større, med mange tusen baasar, so me der kan faa rom til aa binda dei urolegste hovu som gaar omkring lause aa byljar aa forstyrer aalmugen. Desuta lyt me i kvar bygd sjaa til aa faa istand komunale sauefjos for dei mindre dyra aa desuta runt ikring i grendene kaninhus aa bur som hønsa kan gaa op aa leggja egga sine i. Eg vonar mine herrar at De forstaar situasjonens krav aa at dæ no æ eit som jeld ska ikje den ville hopen støyta alt som æ orden aa heilagt over ende. Midle som me maa bruka æ som sagt beintfram dette: leggja ut aate, hengja ut snarer aa krokar al sta dæ gaar nokor ærjerrig sjæl aa lurar, aa naar so nokon bit paa rykkjer me til med fast hand, aa med sterke reip bind me han med alle hans livs interesser fast til *administrasjonen*. De veit

mine herrar at vaar ti æ dei store *utstillingar* si ti. Kven æ dæ no som vyrder ein maskine eller eit naut naar dæ ikje hev nokon utstillingsmedalje anten av gull eller sylv eller bronce eller i dæ minste «hæderlig omtale»?

Paa same maaten maa me ordna dæ med mennesja, so at den som ikje hev ein eller annan post ved administrasjonen eller i dæ minste ein tillitspost som eit raut band over øyra han blir inga ære verd.

Stortinge fekk dæ no annsamt med aa skapa ein heil mengde nye embætte aa lover. Inspektør- aa direktørpostar med 5—10,000 kr. i løn aat største og villaste stutane, ved post- fyr- hamne- kanal- vegvæsene aa jurystelle o. s. v., ein uhorveleg mengde andre smaae latmanspostar med optil 2000 kr., aa so endeleg ei tallaus mengd i kvar bygd av tillitspostar ved formanskape, skulestyre o. s. v.

Folke tok imot dette med stor glæe, for kvar tenkte med seg: dæ kan snart bli noko for meg eller for sonen min i dæ minste. Va dæ no nokon som vart gangand som ein villbuk utafor aa med radikale talar freista aa stanga jerde overende, aa dette vart spurt i stortinge so skreik alle samrøystes: paa baas med han aa dæ straks og. Daa va dæ jamnast ikje lenge før vedkomande fekk eit fint brev fraa ein statsraad med tilbo om ein post, staten hadde bruk for ein slik mann o. s. v., gagen tilmaata etter som han var halden for aa vera ærjerrig. Han kunne ikje avslaa ei slik bøn, aa dæ varde ikje lenge før han vart feit aa roleg.

Va dæ nokon som ikje hadde so mykje som ein «hæderlig omtale» d. v. s. ikje i dæ minste va suppleant

til ein post som skuletilsynsmann i ei grend so va dæ vondt for han jamvel aa faa nokor jente, som helt seg jæv daa.

Sjaa no han Olav Dalen.*)

Slik som dæ jekk med denne Olaven slik jekk dæ med fleire.

Om dei tyktest vera aldri so støe aa skobeite karar — fyst staten eller styringa hadde fengi tak bare i veslefingren paa dei, va handa bunda, aa heile karen seig in i politikkens kvervelstraum som hivde folk til vers aa kasta dei ned att i draugedans, aa der bare ein grunn va sikker — pengane. Gulle va den gud som fekk alle paa bønstolane. Store aa smaa laut krypa, der gull blenkte.

Naar eit politisk lag ikje hadde andre vaapn en «ret aa sanning» kom dæ ikje lang veg. Ein laut fyst samla ihop pengar skulde ein ha noko aa driva ei sak fram med. Pengekarar kjøpte røyster i tinge, ja dei kjøpte veljarar med, so paa slutten jekk prisen paa ein veljar ned til 20—30 dollar.

Men endaa va der ein heil flok med mennesje som eg endaa ikje hev nemnt, aa denne flokken hadde auka uhorveleg dei siste tier.

Dæ va dei *arbeislause* eller *proletariate*. Kor du fór, alvist i byane, saag du du desse hopane. Ulykka va at ingen vyrde dei aa brydde seg om aa snara dei in i administrasjonen. Dei vart standande utafor ringen

*) Sjaa «*Fridom*» 1897.

aa stira. Aa med alle andre vart dregne med i kvervelen fekk desse bruka tankane. Daa dei sto utafor kunne dei og frit granska aa etterfara alle taggar aa jul som dreiv samfundsmaskinen.

Dei saag dæ at den som skulde faa noko fram i lande han fekk ha tolmo til aa venta. Men den som minst kunne venta va den som ingen ting hadde aa venta med.

Dei saag at om ei sak va aldri so grei so vara dæ likevæl ei heil æve før ho vart valprogram, aa naadde ho langt om lenge til aa faa fleirtal aa vart forhandla i tinge, so kom rejeringa aa sae at denne saka va so go at ho fortente aa bli sent rejeringa til gransking. Næste aar kom rejeringa aa sa at ho hadde tenkt paa saka aa fann, at ho fortente aa bli send ei nemnd til dryfting. Tinge jekk med paa dette, aa nokon kvar tenkte at han kansje kunne faa eit rom i den nemnda, som han slet ikje skulde ha noko imot.

Naar dæ no lei av ei 4—5 aar hadde nemnda skrevi saman ei bok so stor som bibelen, aa dæ va ikje mange som orka aa lesa den, dei bare slo op paa siste sia, aa der saag dei at nemnda hadde funni at framvarpe hadde utruleg mange goe sier, men so va der og mange smaamein aa veiler aa omstøer aa avsyn som jorde at dei likevæl ikje netop no for tia daa, heiltut vilde tilraa at dæ vart ført fram plent heilskapa. Men dei hadde skanta av aa plukka ut ein del smaating her aa der sovitt at dæ vart nokre lovparagrafar som dei daa laut faa ein ny direktør med nokre konsulentar aa assistentar til aa jæta. Aa dei som hadde seti i nemnda raaka daa jenne til aa faa desse embætta.

Men dersom og eit større forslag trefte til aa vinna

fram so va dæ ikje før dæ va so gamalt at dei som hadde kava dæ ijenom va reint leie av dæ; ombøter aa nye framvarp leika alt folk i hugen aa krulla hopar kringom seg.

Dæ som va gott aa gagnlegt dæ kom ikje fram før dæ hadde gamaldaam, aa dæ som kom fram av nyt va bare fjask.

Alt dette jekk dei aa arga seg op over proletarane, til dei tykte dæ va meir skae en gagn i heile tinge. Dei lovene som vart jort — va dei goe va dei bare avtaking av gamalt misbruk aa kom so likevel ikje før folke alt av seg sjølv hadde teki misbruke bort, daa saag endeleg tinge op aa vilde hava æra, liksom inkje skulde duga før staten hadde sett svimerkje sit paa dæ. Men dei fleste lover fann dei skaelege, anten magtstal dei folk, so ingen kom til aa jera noko av seg sjølv, anna stella seg op som ein tiggar frammed tingdøra, eller so jekk dei bare ut paa aa trygda dei megtige og rike.

Til slutt sa dei dæ at noko ret *folkestyre* hadde parlamentarismen aldri vori aa kunne han aldri bli. Heile politikken mente dei, va kje anna en eit assuranselag millom magta aa rikdomen.

Dei øste seg so op, at dei syntes dæ va mykje verre no en dæ noko sin hadde vori før.

I gamle dagar va dæ ikje verst lel sa dei, daa dæ bare va ein herre, han kunne daa stundom vera eit mennesje, aa eiga jartelag, om han va aldri so sjølvraaig aa einveldig.

Men no hadde me dette tinge aa dragas med som vilde ha herrevelde i alle ting, dæ va som eit troll med 100 hovu, aa ingen viste kor jarta av dæ

va. Dæ fans nok ingen i heile administrasjonen som hadde noko personlegt andsvar, den eine bare skaut aa skulda til den andre, fraa eit kantor til eit anna, fraa Herodes til Pilatus, fraa saga til kvenna heile verda bortover.

Dei kom paa dæ at dæ kunne vori bra aa fengi fram att eit *absolut veto* til aa stogga dette raarikne tinge. Men no va dæ ulykka at der va ingen konge til aa bruka dæ, aa daa va dæ ingen annan en folke sjølv som kunne ha dæ.

Dei vart so samstelte om dette at litt om sen traassa dei dæ fram, so at folke no fekk ret til aa seia nei naar dæ tykte at tinge jorde gale. Aa dette vetoe kalla dei *referendum**) eller folkedomen.

Men dei sette paa endaa hardare. Dei sa at i tinge va der bare rom for nokre hundra mann, aa dæ va slet ikkje sagt at alle kloke aa framdjerve folk kunne koma der. Folk med ungdom aa dugleik aa framtak aa friske tankar dei vart ikje tingmenn. Dæ vart aldri teki noko ophavstak som dæ va mon i. Nei me vil hava *ophavstake* (eller *initiative*) sjølve sa dei.

Aa no vart dæ slik, at dersom nokon va sprengd med tankar so kunne han jera eit framvarp aa faa nokre til aa skriva under paa dette, aa daa laut heile folke røysta over framvarpe, aa dersom dei gokjende dæ vart dæ lov om og tinge sa aldri so mykje nei.

Til slutt jekk dæ so vitt at folke sa nei mest til kvart einaste vedtak som dei jorde paa tinge, aa dæ

*) Naar dæ va eit vist tal som kravde paa dæ skulde styre referera eller leggja fram for folke nye vedtak til avrøysting.

va dæ *private initiative* som fekk fram mest alle lover aa skipa riks-stelle.

Dei fann at dæ meste av dæ som tinge jorde va bare fjask, dæ laut jeras om att; aa naar noko gott vart jort hadde ikje tinge noko med dæ.

Kva ska me daa i grunnen dragas med dette tinge etter? tok dei til aa spyrja.

Tinge vart sitjande att som eit tomt skal, kjerna va planta millom folke. Dæ va mange staer at dei ikje brydde seg med aa velja tingmenn eingong, so dæ vart for faament til aa halda fulljilde møte. Dæ daana bort som av seg sjølv.

Parlamentarismen døyde ein fatigsleg straadaue, aa stort likfylje fekk han ikje hell.

Men i minnetalar greidde folk ut om grunnen til at tingstyre hadde sjukna aa slokna av. Dei fann at dæ va fordi dæ aldri hadde vori kravt nokon sers dugleik av dei som skulde sitja paa tinge. Naar ein skulde bli skreddar eller skomakar laut ein ganga i lære hjaa meistaren i mange aar, men til aa jera lover aa styra med riks-stelle va dæ nok naar ein kunne jera fagre skaaltalar, skraala op paa eit folkemøte aa høla aa smeikja vent for veljarane.

Nei, sa dei:

«Kunskap ska styra rike aa land
aa yrkje ska baaten bera.»

Aa no jekk dæ an aa faa ting med dugelege, kunnige menn, naar dæ ikje fylgde med nokor magt, som va dæ som alle elles traadde etter. Tinge vart bare eit nemnd av kloke menn som granska aa

arbeidde jenom alle framanvarpa, men folke vanda aa valde dæ som dæ sjølv lika.

Aa no fyst kunne ein seia at folkestyre va kome til sin ret.

Men dæ vara kje lenge før folk tok paa aa krevja meir.

Dæ kan nok vera dugelege menn paa si vis i raadstinge sa dei, men d'æ raalaust for ein mann aa ha greie paa alle slag saker som kjem fram der.

Fraa sjøbygdene kjem dæ folk som skynar seg paa skips-stel men dei ska og forhandla om landbruk. I byane sender dei fabrikfolk men kva skynar dei seg paa skogbruk, aa bøndene, hev dei vet paa jera framlegg om hamner aa bystel?

D'æ ikje undrande at dæ bli so lite tes dæ som kjem fraa raadstinge, sa dei, naar maalsmenn fraa alle hugmaal aa yrkje ska vera samanmengde i ei slik røre.

Nei ska dæ bli nokor meining i at kunskapen aa dugleiken ska koma fram so lyt me faa serting, slik at kvart hugmaal aa yrkje fær sit eige raadsting. Dei som stelte med jordbruk valde seg daa eit jordbruksting, handelsfolke fekk seg eit handelsting, sjøfolke aa fabrikfolke fekk kvar sit; der vart skuleting aa kyrkjeting o. s. v. Kvar kunne røysta paa medlemer av eit eller fleire ting etter der som han hadde sine hugmaal. Men ikje noko vart avjort før folke hadde gokjent dæ.

Men endaa vart nok ikje folk fornøgde.

D'æ daa inga meining i slikt sa dei at me ikje ska vera herrar i vaar eiga bygd eingong, uta at heile lande ska blanda seg opi dæ. Kva skil dæ folk andre staer korleis me steller os heime?

Paa austlande der dei dreiv mest med jorda lika dei ikje at vestlande aa byane skulde ha noko med aa avjera jordbrukslover. Aa paa vestlande sa dei: me vil ha Pontoppidans forklaaring, men so slær austlendingen aa byfolke seg ihop aa jer ei lov for heile lande om at ingen ska faa bruka den meir i skulen. Ska me finna os i at dei jer seg til herrar over os?

Al sta ropa dei: kan ikje kvar landsdel, ja kvar bygd aa grend faa greia sine eigne saker i fre uta at andre ska ha ret til aa blanda seg op i dæ, naar dæ slet ikje kjem dei ved?

Dæ vart snart slik at dæ som landstinge la fram dæ skulde bare jelda som lov i dei bygder som vedtok dæ, aa i dei saker som einast vedkom heimestelle skulde kvart fylkje, kvar bygd aa kvar grend ha fullt raavelde til aa stella aa styra seg sjølve.

I some bygder tok dei seg daa ein konge til aa greia alt, andre staer valde dei seg eit styre, some hadde ting, men dei fleste hadde ikkje anna en nokre nemnder, folke kom sjølv ihop aa helt ting aa avjorde dæ som va aa jera.

Fleirtalstyre va no einaste magta i land aa by. Dæ som folk hadde stræva etter i so lange tier hadde no endeleg vunni fram til siger. Fridomen aa sjølvstyre kunne ingen lenger faa rugga.

No gjorde heile folke fest, aa der va dæ ein talar som sa paalag so:

Den høgtia som me no jer maa ein kalla for jævare en alle dei festar som mennesja hev haldi fram-

ijenom dei siste hundra-aar til minne om gamle dagar aa til invijing av nye tier. For denne festen vaar maa ein kalla minst for ein *tusenaarsfest.*

Ustanseleg hev framgangen jengi, aa aller mest i desse siste hundra-aar. Aa likevæl ska me hugsa, at alle desse framsteg som med rette fagnar os alle so mykje, dei kan ein likso godt kalla *attersteg.*

I dei politiske former va dæ *Rom* som lenge va mønsterlande, aa d'æ dette romarvelde som me litt om sen hev vaksi os utor, naar me fridde os utor formyndarskap aa herrevelde. Men no hev me nett fengi romarskipnaen slik som han va fraa ophave, før sjølvhug aa magtlyst hadde sprengt grunnformene for dæ gamle samhelde som æ den rota som alle folkesamfund hev greina seg op or.

Liksom so mange andre folk stemnde og dæ gamle romarfolke til allherjarting, skipa i genser (ættskapar), aa avjorde sjølve alle vigtuge maalemne, vedtok eller negta lover, valde embætsmenn, sa naar krig skulde bli ført, va høgste domstolen i alle brot som kravde livstraf. m. m.

Styre eller raade (senate) va og folkevalt, samansett av valde hovdingar fraa kvar ættskap. Aa kva magt hadde dæ? Ikje stort meir en vaare eigne raadnemnder, dæ vil seia: tinga aa jera framlegg om dei lover som folke skulde avjera.

Ingen vil likevæl med alt dette kunna seia at me bare æ komne attende paa same flekken. Væl hev me jenge i ein stor ring, men me æ likevel ikje der me sto før. Fridomen æ likt eit høgt bratt tjell, der dæ tykkjes umogeleg aa naa toppen, daa ingen kan kliva opetter flogberge. Men ein kan ringa seg runt fjelle.

Aa naar me no æ ferdige med ein tusenaars ring æ me komne til ein tram mange hundra steg høgre op, so me ser jupt under føtene vaare dei samfundsformer som me jekk ut ifraa.

For d'æ store ting me hev vunni paa ferda.

Før va dæ skyldskaps-flokken som tvang alle einingar saman som dyrehopar i ei stor kvi. Alders skik aa bruk aa ætteminne kjøvde meir en den strengaste lov. Skyldskapsringen va og grensa for hugmaal aa drifter som kunne føra mannen fram.

Men den som skulde bryta seg ut av den samfengde flokken maatte bruka magt, einast ved aa aga dei andre kunne han verja sin eigen fridom.

Aa stri kosta dæ for kvart lag i folke som vilde fylja fyregangsmennene etter, alt til dei siste flokkar, for ikje lenger sea en alle minnes, kunne koma med.

Men fordi folkefridomen va so dyr, difor æ han os no og so kjær. Aa me vil ikje døma dei framfarne tier for strengt, men glæ os i dagen som no renn op, klaar aa ljos over frie folk!

Paa denne festen sende dei helsing til dei gamle kantonane i Schveits, som aldri hadde slept nokon valdsherre til aa faa magt over seg, korkje konge eller ting, men haldi fridomens aare-eld ilogande jenom tusen aar som ein heilagdom for alle folk.

Livskrave.

Industri-tia vaar bryr seg lite om dei naturlege livskrav. Ho seier ikje: naar folk treng dæ eller dæ so maa fabrikane freista aa laga dæ. Men ho vender alting paa hovue aa meiner at naar fabrikane kan laga so aa so mykje av eit slag vare so lyt folk og læra aa bruka so mykje av dæ slage. Ho jer produksjonen til herre over konsumsjonen; *fins* ikje krave so maa me *skapa* dæ, seier ho.*)

Men eg meiner at dette maa bli omstøyt. *Forbruke* aa *paakrave* maa vera dæ som alt arbei retter seg etter ska me faa ein naturleg skipna av næringslive.

I staen for al denne varelaging paa slomp med ovmengd av vare aa ovmengd av arbeiarar aa ovmengd av nytarar, men sakna aa tjon paa alle kantar — i staen for dette maa ein setja op dæ naturlege *livskrave* som drivjul for heile arbeismaskinen.

Men æ dæ daa so vist at industritia med sin handel aa pengesanking æ so motsett dæ vanlege livskrave? Synes ikje dette ofte aa liggja til grunn for dæ nervøse kave i tia?

Korleis ser livskrave ut?

Livskrave æ nok ikje so einfengt aa beintfram som ein skulde tru. D'æ som ein endelaus stege, der ingen kan naa toppen. For kvart eit steg ein hev naatt vil ein traa mot eit høgre aa hev soleis jamt svoltne krav, med ein gløymer dei som alt æ metta.

*) Sjaa stykkje um *Industritia* i *Fridom* no. 6 1897.

Fatikmannen som studrar med staven gardimillom tykkjes ikje hava store krav til live. Naar han fær mat til kvart maal aa ei rye over seg om natta æ han fornøgd.

Men den som æ tryg paa mat aa husly krev aa ha ei seng for seg sjølv.

Hev han seng tykkjer han dæ skulde vera jildt aa ha eit rom for seg sjølv. Hev han rom stundar han etter eige hus; hev han hus vil han ha ein hage attaat. Hev han hage vil han ha ku. Hev han kyr vil han ha fjøs aa hest aa stall aa aaker aa eng aa full gard. Hev han gard vil han ha skog til garden aa sea vil han ha beite aa sæter.

Hev han dette stundar han etter eit gott fiskevatn aa drivkraft i elv.

Aa so maa han ha drengjer aa tenestjenter.

Men daa dei ofte flytjer slike tenarar krev han faste husmenn so ein kan vera tryg paa arbeisjelp.

Hev ein fengi dette i orden fær ein lyst paa aa eiga fleire gardar, og daa ein ikje kan dyrka desse sjølv maa ein faa dei bortleigde aa fær pengar uta arbei.

Men æ ein fyst godseigar so krev han paa aa faa heile bygda skatlagt under seg.

Hev han ei bygd vil han jenne hava heile fylkje; aa hev han fengi eit fylkje vil han hava heile rikje; aa hev han *eit* rikje vil han hava fleire rikje aa jenne leggja heile verda under seg om han naadde so langt.

Naar eit krav bli mett, skyt dæ bare nye fram, aa dæ krave som fraa fyst av tykkjes vera endefram kvarmans ret som ingen kan negta, veks seg op til ein toste som ikje eit hav kan sløkkja, og stavkaren bli ein berrserk som trampar alle mennesje under føter.

So dæ skulde daa synas aa vera rettast i fridoms og

mennesjelykke sit namn aa hindra denne ryse-ungen fraa aa veksa over dei fyste par stega.

Om tiene vender seg so melder ikje soga om at livskrave aa stegen bli annleis, bare at han kan bli bygd av anna yrkje.

Me hev allvist tvo slag.

Den fyste kravrekkja jeng fraa træl til fri mann aa leiglending, fraa leiglending til odelsbonde, so til herse, so til jarl, so til konge og einevaldsherre. Samhelde millom ættfolke æ dæ her som jelper fram.

Ei annar rekkje jeng fram ved jelp av soldatar eller folkerøyster fraa løytnant eller valmann til ein Napoleon eller Johan Sverdrup.

Ei trie rekkje brukar pengane og søkjer ved jelp av spekulasjoner, politik eller fabrikkar aa byggja ein jamhøg stege som i dei fyste rekkjer.

Om dæ og vart noko større spelrom med ombot eller omstøyt, vilde dæ ikje daa bare vera dæ same som at dei som no stend høgst paa stegen vart dregne ned, for at dei som stod neafor kunne koma i høgda, altso bare eit personskifte og kansje namneskifte men ikje noko systemskifte?

Men æ livskrave soleis laga, tykkjes daa alting aa vera i orden. Produksjonen æ daa netop ein tenar for dette krave, krave om stigande magt aa rikdom; for dæ nærmaste fyremaale med industrien æ aa tena pengar, aa pengar jev magt aa rikdom.

Skulde dæ daa bli ei annar ordning med produksjonen maatte ein fyst skapa andre livskrav, anten med religion eller kultur, ein ny stege.

Men no æ lykka dæ at ein treng ikje *skapa* ein ny

stege, han *æ* alt reist aa like so himelhøgt som den fyste, bare at han ikje æ jort av so grovt yrkje, gull aa sylv, aa difor ikje so ausynt for folkeaugom.

Denne stigande rekkje med livskrav som eg *hev* skildra æ *barbarkrave*, men *kulturmannen* hev ei annar rekkje med stigande livskrav, aa denne stegen ska me no sjaa paa.

For barbaren tykkjes denne stegen helst vera likt dæ tree der rota snur op og toppen ned, dæ veks om vinteren og minkar om somaren.

Aa likevel æ dæ ingen isjøkul. For dæ æ livskrave fraa dei som hev intelligens aa moral aa religion, dæ æ reist ved jelp av kunst og vitenskap or eit sunt syn paa live aa mannelykka.

Dæ fyste krave paa denne stegen liknar dæ fyste krave paa barbarstegen, krave om mat aa drik. Men d'æ likevel stor skilna. For barbaren æ dæ jildt alt han kan faa ned i magen; aa sitja eta aa drikka so mykje han orkar i tri heile dagar til ende, dæ æ fest for han. Helst mat som æ so tung at ein kjenner han som stein i magen aa ikkje noko frukt eller vokstrar som ein æ like lett av naar ein reiser seg fraa bords som daa ein sette seg ned. Aa drykken maa riva i halsen, dæ same om han æ so giftsprengd at ein bli sjuk, bare ein kan bli øren.

Han lever fyst aa fremst for aa eta aa drikka gott.

Men kulturmannen han et aa drikk fyst aa fremst for aa leva. Han finn ingen mon i aa bli stin og ør, han vil ha mat som jev høveleg næring av alle slag aa som ikje æ til aa sova paa men til aa bli lett aa arbeisfør av. Dæ festlege ligg meir i tillaging aa stell aa framsetjing en i sjølve matslage aa mengden. Ved drykken æ dæ meir den fine daamen en dæ sterke aa rinande, som skapar feststemninga.

Mat aa drik æ ikje fyremaal for fest i seg sjølv men maa jamt vera tenar for ei eller annar høgre meining.

Med klæe skil krava seg ogso mykje ifraa kvarandre.

Barbaren jeng i filler til kvardags, men til høgti glimar ingen som han. Klæa ska fyst aa fremst vera framsynar av rikdom, dinæst av dæ som æ paa moten.

Kulturmannen vil fyst hava høvelege klæe til *kvardags*. Dei ska vera varme, sterke, hendelege og slik laga at dei ikje for lett bli utsulka. Høgtisklæa, om han tykkjes han treng slike, vil han ikje ska vera framsynar av noko anna en av han sjølv, paa ein høveleg maate. I dæ heile strævar han etter aa klæ seg *individuelt*, han spør ikje etter moten, men fær seg plagg med slik maksel at han sjølv kjenner seg heime i dei, so han liksom jev noko av seg sjølv i den maaten han klær seg paa; framande fær daa og straks ei retleiing av kva slag mennesje dei hev for seg, kva smak han hev aa kor hans hugmaal stilar av.

Soleis fyljes krave paa baae stegane eit gott stykkje op-etter, men likevel ser kvart steg so ulikt ut at d'æ mest bare namna som æ dei same. Alstøtt æ skilnaen den at barbaren ser etter *mengden*, kulturmannen etter *slage*.

Naar barbaren ska byggja vil han helst hava ein stor bygning med mange rom aa endaa fleire glas, vendande mot vegen. Maaling helst utapaa so dæ kan ruva langt borti bygda. Invendig bli mange rom standande tome, some bli innreide til stasrom, men bare eit eller tvo brukar han til huslyen sin.

Naar kulturmannen ska byggja spør han fyst etter kor mange rom han treng, og kva han ska nytta kvart rom til, aa so lagar han glas aa dører slik at dæ bli lettvint aa hyggjelegt innastokkes; for d'æ ein *heim* han vil hava. Aa ein heim æ dæ ingen annan som kan laga en han sjølv, d'æ

noko som ein ikkje kan byggja op etter fyreskrifter, men som ein maa skapa ut or seg sjølv, kvar etter sin haatt aa lag liksom fuglen jer reira tette aa varme aa stundom ribbar sine eigne fjører; aa dei heng i lufta som smaa kunstverk slengt op i klufter aa sprekkar — stilen kan vel vera den same ofte, men eit individuelt lag hev daa kvart eit — slik æ kulturmannens heim. Men barbaren er lik reven som grev ut ein heil bakke med ingangar aa utgangar aa likevel aldri kan faa seg ei fulltryg hole.

Fyst og fremst vil kulturmannen hava eit rom reint for seg sjølv der han fullt ut æ sin eigen herre, der han kan samla aa skipa dei saker som hev minne- eller stemningsverde for han eller daglegt bruksverde, der han kan kvila aa samla seg sjølv som i eit privat tempel. D'æ ikje rik prydna som skapar eit slikt tempel men dæ at ein fær leva seg in i rome, so dæ bli fyllt av hans eigen daam eller aandelege luftdrag, aa inge framande hender fær vanskipa aa sulka veraatta. Der kan han la dæ liksom veksa op or sin eigen hug aa forma seg under sine hender dæ som jer eit rom til meir en eit husvist aa værelse, alt dæ som i stort aa smaat straalar ut hans eige væsen aa verkar attende paa han som ei sjølvmaning.

Traar ein etter aa ha dæ ovjildt, so æ dæ dæ høgste maal ein kan setja seg aa hava frie luftlag millom seg aa andre mennesje, aa faa seg ei heil stoge der ein hev spelrom til alle kantar aa lever liksom mitt i allheimen, med jorda under seg, himmelen over aa sol aa luft runt ikring seg, ein eigen heil ring som æ hans eigen aa der inga forstyring fraa andre kan trengja in; der ingen sulkar, men han sjølv æ herre aa skapar.

Barbaren vil helst hava stogeglasa snudde mot matbure eller fjøse, so han kan hava mat aa rikdom, som æ dæ

jævaste han veit, dagleg for augo. Aa frisk luft æ han ræd for aa sleppa in i stoga. Han traar bort ifraa utsyn aa himmel til byen med tronge gater aa gardsrom der korkje sol eller vind kan sleppa ned, aa der einaste utsyne i høgste fall kan vera aa sjaa folk paa gata.

Kulturmannen derimot stundar ifraa byen som tykkjes han eit helvete paa jord, han lengtar etter skog aa fjell aa frie utsyn aa gott vatn; han æ ein kjennar av luft som han syg i seg som vin, aa dette æ i grunnen hans aller sterkaste livskrav. Han kan maa i von alle andre herlegdomar naar han kvar dag fær rusa seg i dæ luftlage som han finn hev rette domen.

Ein hageflekk kringom huse vil og kulturmannen jenne ha, der han kan finna dei fargar aa former aa angar som han likar, aa avla seg emne baade til mat aa dryk av dei slag han sjølv vil hava. Men han æ ikje som barbaren nøgd med aa faa ein gartnar til aa laga alt etter bøker aa fyreskrifter, han finn netop noko av største hugnaen i aa laga dæ sjølv etter sin eigen smak, aa faae ting glær han seg so ved som aa sjaa dei trea veks op som han sjølv hev planta aa elska fram.

Likeins tykkjer han d'æ ovjildt aa hava nokre maal jord til eng eller aaker, so han kan fø eit par kjyr aa halda seg med mjølk aa jordeple aa grønsaker.

Men so æ dæ og mest slut med fyljeskapen paa dei tvo stegane.

Med barbaren vil hava endelaust mykje av alle slag so vil kulturmannen ikje hava meir en han sjølv kan raa med. Aa eiga noko æ for han dæ same som aa kunna bruka dæ. Dæ han ikje sjølv kan bruka traar han ikje etter aa staa som eigar av.

Han likar ikje at framande folk ska blanda seg op i

hans eige stell, aa aller minst slike som ikje hev annar forvitne av aa jelpa en aa tena pengar. Baade bli hugnaen ved arbeie borte, aa so fær han dæ ikje jort som han vil. Di meire intelligent aa finkjenslug ein æ, di verre æ dæ aa ha leigetenarar. Barbaren kan hava i haugevis av dei; aa la andre jera arbeie aa sjølv gaa omkring aa meistra aa sjenna dæ æ hugnaen for han; naar han bare kan tena pengar uta aa jera noko sjølv æ inge midlar for grove. Aa til aa tena pengar maa han hava *mengdar* av salsvare, dæ fær bli dæ same med korleis *slage* æ, d'æ mengden som ska skaffa pengar, aa mengden kan han bare faa ved større jordvidder aa fleire arbeisfolk.

For kulturmannen æ ikje dæ fremste maale aa tena mange pengar. Men til dette fyremaale finn han elles at dæ æ mykje meir lønsamt aa leggja seg etter lite men gott slag en mykje som æ mindre gott.*) I staen for dei endelause utvidingar av jord aa andre eiger (ekstensivt bruk) jeld dæ for han aa faa endelaus magt over ei lita vidd, aa kunna driva større aa større avlingar av same jordstykkje, aa faa betre aa betre varer av same avlinga (intensivt bruk). Han maa difor arbeia med hovue like so mykje som med neven; denne maa temja seg til aa fara etter plent som tanken hev peika dæ ut; men dette æ dæ fælt vant aa faa nokon tenar til aa jera som ikje hev anten same vilje eller forstand til aa jera dæ slik som dæ va tenkt. Dersom ein endaa som i gamle dagar kunne ha trælar som høyrde fast til huse eller garden so dei vaks seg ihop med huslyen aa herren. Men med tenarar no til dags som flytjer om eit par aar, ja kansje

*) Elles finn han dæ mest tenlegt aa laga handelsvare i samlag med frie samarbeiarar (sjaa stykkje om «Salsvare» aa «Samarbei» Fridom 1897 nr. 3, 4.

bare æ aa faa paa halvaare eller maanen eller dagen*) æ dæ raalaust aa faa jort noko fint arbei eller aa faa nye skipnaer eller heilslungne tankar sett i verk.

Ein maa takka til om ein kan faa eit mennesje til aa *vera* budeie i dæ heile, en seia venta aa faa jenomført alle reglar for fjøsstel aa mjølkestel som ein vilde hava. Dei vil jera dæ som dei er vant til, aa fær dei ikje dæ jeng dei sin veg, aa held den for eit narr som vil freista med nye greier. Aa ingen komando vil dei høyra. Dei trur seg fullkomne for snart.

Kva nyttar dæ aa hava fint krusstell naar slepphente jenter bare kastar dæ i golve?

Kva nyttar dæ aa hava kvitt linan naar dæ kjem gult aa sundsleti att fraa uvante nevar som hev handsama dæ i vaskcn?

Kva nyttar dæ aa hava jøymt friskt kjøt i ishuse, naar kjøkenjenta hardsteikjer dæ so dæ bli jamgott med utjengne skosolar?

Kva nyttar dæ aa hava goe hestar naar ein uvyrden dreng sprengjer dei?

Kva nyttar dæ aa hava nok av ve, naar ein ikje kan faa skiene so stutte at dei jeng in i omnen?

Kva nyttar dæ aa vilja faa gott høy naar ein aldri fær slaattefolk før regnveka byrjar?

Kva nyttar dæ aa ha baan av eige kjøt aa blo naar dei i kjøken aa drengjestoga ska læra altslag gap aa gant?

Nei ska ein hava mange leigetenarar so maa ein anten

*) Alsta paa lande klagar dei over kor vondt d'æ aa faa tenarar. Ungdomen vil helst vera «lauskar», riva til seg fortenest i dei dyraste onnetier aa elles gaa aa slengja, seier dei. Eller so stryk han til byane aa til Amerika.

bysta seg op som eit illherve aa aga dei med raaskap aa vera over dei seint aa tileg eller so maa ein jera seg til træl for dei aa endaa finna seg i aa maatte smeikja aa tigga for aa faa dei til aa vera.

Nei for ein kulturmann bli dæ mest raalaust aa hava mange tenarar; han æ ikje herre lenger paa garden. Aa dæ kan endaa ganga an aa vera underjeven folk som staar høgre en ein sjølv men ikje under dei som staar laagare.

Sjilnaen æ i dæ heile den at barbarstegen bli breiare aa breiare for kvart flytt dæ ber opover, kulturstegen bli smalare aa smalare.

Di meir kulturmannen veks di meir avgrensar han seg, men di meir samlar han seg med, aa tetnar i toe. Maale hans æ ikje som hjaa barbaren aa veksa *ut*over i dæ vie aa breie men aa veksa *in*over til aandeleg styrkje, til utfolning av dæ individuelle som etter kvart dæ fær vokster formar dæ ytre live meir og meir ut etter sine serlege krav. Utforming av seg sjølv, av sin eigen ide æ dæ han emnar paa i stort som i smaat; aa han siktar difor aa sjil ut med varleg hand alle aandelege aa materielle inverknaer som driv han bort fraa denne vegen.

Alt han tenkjer aa emnar paa, alt han byggjer aa sjipar, alt han dyrkar aa arbeier, det bli eit samanheng i dæ, ei *organisk utfolning* av aandskjerna i han sjølv.*)

*) Difor tykkjer han d'æ liten mon i aa leva av løn som han fær av andre for eit arbei som æ utafor samhengje med dæ han sjølv emnar paa. Heller vil han hava smaae intekter av eit arbei som han sjølv fær planleggja aa fullføra aa som han hev hugna i en aa hava aldri so god ein «post» hjaa andre.

Arbeie hans stilar derfor bort imot aa bli kunstverk, fylt av eit personlegt inhald.

Barbaren æ som ei busket furu, alt veks seg ut i greiner, men kulturen æ som ein seljerunne, kvar stylk skyt einslengd fraa rota aa dreg til vers i rak vokster, med ring etter ring bli lagt kringom leggen.

Individuelt arbei aa individuelle krav merkar ut kulturmannen.

Jamhøgt med krave paa barbarstegen om aa eiga ei heil grend staar soleis kulturkrave om aa faa mest mogeleg avling ut av minst mogelege jordstykkje, eller ved utval av frøslag aa forædling aa jamn passing aa kunne driva eit voksterslag som vanleg ber 10—12 foll op i dæ tidobbelte. Kansje han samlar alt arbeie sit om eit einskilt voksterslag bare, som han daa reint ovdyrkar eller han legg al sin elsk om nokre faae frukttre som han steller med so fint som dei skulde vera mennesje.

Aa dei 2—3 kjyn han hev i fjøse dei bli han kjære som husvener, han kjenner dei ut aa in aa legg vinn om aa elska fram deira serlege evne meir aa meir mot dæ fullkomne.*)

Kjøpkrava hans æ og individuelle. Han jeng ikje paa ein aksjon eller markna aa kjøper bare fordi han fær dæ billegt. Han hev ikje bruk for alt mogelegt, men dæ som han hev bruk for maa vera soleis laga at dæ eine høver saman med dæ andre baade i hus aa buna aa klæe. Han

*) Kva hugna æ dæ aa hava eit stort fjøs fullt av kjyr som ein ikje kan hugsa namna paa ein gong men dei maa hava nummer, mot aa hava eit par kjyr som ein hev levt seg saman med fraa dei va smaae, aa der ei kalving æ ei familiehending, aa alle syrjer naar slagtedagen kjem?

sjølv steller krave til dæ som han hev bruk for, aa kan han ikje faa dæ plent som han vil æ han dæ heller foruta i lengste lage.

Men kjem daa ikje live til aa sakna dei høge maal paa *denne* kulturstegen?

Dæ æ sant, her blir inge rikmans- eller landvinnarnamn paa denne; men paa toppen av stegen finn me vitenskapsmenn, kunstmenn, opfinnarar, fyregangsmenn paa alle aandsleite.

Paa barbarstegen stend Fridtjov Frøkne, men tru ikje kulturstegens mann Fridtjov Nansen fær likso lysande eit namn?

Eller kjem Harald Haarfagre op imot Ivar Aasen, denne som uta eit einaste magtmidel, uta magtord aa magtstelling jamvel, bare ut fraa si eiga trong ber fram samlingstankar som han med faae men vise ord fær folke runt om i Norigs land til aa fagna?

Eller kjem ein Cæsar aa Napoleon op imot Jesus av Nasaret, som ikje visste kor han skulde kvila sit hovu aa likevel vart meir megtug en nokon konge paa jord?

Aa æ ho ikje meir verd aa meir aa traa etter slik magt aa ære som ein vinn paa kulturstegen bare ved *fri inverkna*, jenom arbei, kunst, vitskap, tankekraft aa mannakjærleik, en den som æ aa vinna paa barbarstegen ved ytre magtmidlar eller ved sløgd aa falske raaer?

Barbarstegen høyrer til fortia, kulturstegen til framtia, *) aa paa denne maa ein reisa dæ som ska vara utijenem tiene.

---

*) Meir aa meir bli han vesal aa vanvyrd den gamle stegen. Storgardar bli folk mindre aa mindre huga paa aa hava, dei bli selde for gopris, aa gardkjering tykkjer no ikje lenger mange hævt aa vera.

I 100 aar hev barbarkrave vori lyft med bloraue fanar: taka att fraa dei megtuge dæ som dei hev eigna til seg av folkerikdomen. Men endaa dæ hev vori mange imot faae hev dæ ikje mona større.

Fyst naar kulturmannens krav vaknar heilt til medvitande aa reiser utfri-ingsfana vil dæ nytta. Naar dæ gamle germaniske ideale bli sprengt, at *dæ ein kan vinna med sverd tarv ein ikje sveita for*, aa dæ byrjar eit samfundsarbei paa grunlag av kulturideale: *einast dæ som ein sjølv hev arbeit op aat seg hev ein den rette glea av* — daa vil dæ bli meining aa livslykke aa finna baade for stor aa liten.

Dei vil nok finna at verda enno æ rik nok paa uskapte midlar, so at om ein læt dei store faa hava sine kapitalar i fred vil dæ snart ved ret samanslutning aa arbei koma fram nye kapitalar som vil overgaa dei gamle aa som dæ korkje heng blo eller uretferd ved. Dei vil difor hava evna i seg til aa skapa eit lykkelegt samfund.

Her æ vegen som me vil freista gaa. Utifraa kulturmannens livskrav vil me freista aa skapa ophavssellar som av seg sjølv kan veksa ut til eit nyt samfund. Om bare smaae flokkar byrjar her aa der aa samsjipar seg med litt meir meining en dei gamle samfund vil dei verka som ein surdeig i heile lande.

Begreber—illusioner.

Av *Kristofer Hansteen.*

Vorpaa viler forestillingen om værdi? Paa sammenligning mellem enhvilkensomhelst ting og guld eller sølv. Naar man sier, at en stol er 12 kroner værd, saa sammenligner

man stolen med sølv og sætter den lig 12 sølvstykker av en vis størrelse. Kan disse 2 ting sammenlignes? Nei, det er ulikeartede ting og de kan ikke sammenlignes. Forestillingen om værdi viser sei altsaa aa være en illusion.

* * *

Vorpaa viler forestillingen om eiendom? Derpaa, at et individ kan disponere over en ting. La os se, om en saakallet godseier kan disponere over den jor, som kalles hans eiendom. Han dyrker den ikke, det kan han ikke, da der maa mange mennesker til, og godseieren deltar i almindelihed ikke i arbeidet; andre dyrker joren og faar løn; benytter godseieren de produkter, der frembringes av joren? kun en meget liden del; en del spises op av de arbeidere, som dyrker joren; resten føres til andre steder og benyttes der av andre mennesker; heller ikke det at føre jorens produkter annetstetshen utfører godseieren; godseieren disponerer altsaa ikke over joren, og i forhaal til joren tilfredsstiller han ikke forestillingen om eiendom; den antagelse, at et enkelt individ kan eie et større stykke jor, viser sei altsaa at bero paa en illusion.

Likedan en fabrikeier. Han disponerer heller ikke over fabrikken. La os tænke os et stort bryggeri færdibygget, panner og kjeler er paa sin plas; der er korn og alt, som skal til for at brygge; en enkelt man, om han kaller sei eier, kan ikke brygge saameget som i en eneste panne engang. Han kan ikke disponere over bryggeriet, han tilfredsstiller altsaa ikke forestillingen om eiendom; den antagelse at et enkelt individ kan eie en fabrik, viser sei altsaa at bero paa en illusion.

Kan et aktieselskab eie en fabrik? — Aktieeierne lever uten befatning med fabrikken, arbeidet i fabrikken utføres

av andre, vis disse andre ikke vil utføre arbeidet stanser virksomheten. Aktieeierne kan altsaa ikke disponere over fabrikken; de tilfredsstiller altsaa ikke forestillingen om eiendom; den antagelse, at et aktieselskab kan eie en fabrik er altsaa bygget paa en illusion.

Den forestilling, at om et aktieselskab eier en fabrik eller et joregos eller vilketsomhelst annet er aassaa i en annen forstan bygget paa en illusion. Eiendom vil si, at en ting er min, vilket aassaa ligger i selve ore (sammensat av ei eller jei og dom, eiendom vil altsaa si det som jei raader over), men jei er kun en enkelt, altsaa er eiendommen individuel; at en ting er fleres eiendom er derfor en selvmodsigelse. En «aktieeier» kan intet tilfredsstillende svar gi, vis man spør ham, va der er hans eiendom; hele fabriken kan han umuli si er hans eiendom, og han kan heller ikke si vilken del der er hans, da der ikke noen del, som ikke alle de andre aktieeiere aassaa mener at staa i samme forhaal til som den første; men et aktieselskabs forhaal til en fabrik, et joregos, en dok eller andre ting er baseret paa forestillingen om eiendom; da nu det at en ting eies av flere er en selvmotsigelse, og ingen av de enkelte aktieeiere kan si, at hele fabriken eller noen del av den er hans eiendom, foreligger der her ingen eiendom, altsaa er et aktieselskabs forhaal til fabrik, joregosset eller dokken, falsk. Om man vil komme fra det ve at si, at det er selskapet, som eier fabriken, og selskapet er en enhet, saa har man jort flere til en enhet, og det er jo en umulihet. Om man vil si, at det, som aktieeierne eier, er aktierne, de penge, som de har sat in -- aktieierne sier var en del av fabrikens værdi, saa bygger man altsaa paa forestillingen om værdi, men forestillingen om værdi er som ovenfor paavist, en illusion; fabriken kan ikke sammenlignes med guld eller sølv, da den er en fra disse

ulikartet ting; naar man sætter fabriken lig et vist antal stykker av en av disse metaller, har man foretat en umuli sammenligning.

Aassaa naar man sætter en dags arbeide lik 3 kroner, har man foretat en umuli sammenligning.

Resultatet er en vilkaarlihet.

Aandens stridsmenn.

D'æ vel ikje tvil om anna dæ fins kristne endaa. Mange varmhuga menn aa kvende rundt omkring i verda æ kristne. Men at dæ fins heile kristne samfund veit ikje mange. Eg tenkjer ikje paa alle, som kallar seg kristne men dei som lever etter kristendomen aa ikje bli sitjande fast i ei eller annar kyrkjelære og dermed heidrar dæ *mindre* so dei ikje ser dæ *store*.

I Rusland hev eit kriste samfund vaksi stilt op i dæ siste hundra-aare, *Dukhoborsane* eller aandens stridsmenn.

Dæ va ulærde folk som for vel hundra aar sea tok til aa tenkja aa fann at vilde ein vera kristen maatte ein fylja Jesu ord.

Dei trur, at Guds aand bur i mannasjæla aa styrer ho med si paamaning. Kjærleik aa brorskap æ livsens lov millom dei.

Dei hev ikje andre bøker en den «livsens bok», som dei hev i jarta sine.

Men tie grunnreglar held dei seg til:

1. Felagane i samnøyte ærar aa elskar Gud som ophave aat alt tilvære.

2. Dei agtar mannaverde baade hjaa sjølve seg aa hjaa sine medmennesje.

4. Med orde *Gud* meiner dei kjærleiksmagta, livskrafta, som æ ophav til alle ting.

3. Dei ser paa alt, som æ til med kjærleik aa høgvyrding aa lærer baana sine op sameleis.

5. Liv æ framvokstr, aa alting strævar fram til fullkomenskap, for at fræe kan venda attende til livsens ophav som moga frukt.

6. Alt som hender æ nauturvande steg fram mot dæ fullkomne; soleis byrjar live med ein stein, jeng over til vokstrar aa sea til dyr, aa dæ fullkomnaste dyr æ mennesje.

7. Ikje ska ein meinka eller drepa noko levande kvikjend. I kvart slikt bur liv aa difor Gud, — serleg daa i dei mennesjelege skapnaer Aa tyna eit mannaliv maa ein ikje paa nokon maate jera.

8. Dei krev full fridom for mennesja aa held derfor al samfundsskipna for ulovleg som æ grunna paa tvang.

9. Grunnlage for mannatilvære æ tankens herredom.

10. Dæ stend fast at dæ mennesjelege samfundsliv kviler paa den moralske lov, som hev dæ boe: dæ som eg ikje ynsjer for meg sjølv, ska eg heller ikje ynsja for nokon annan.

Dei hev inga fyrestoe eller styring, stjornar alting sjølve. Skrevne lover aa semjer fins ikje hjaa dei, aa aldri kjem dæ ugreie aa vanskar av den grunn. Fire, fem huslyar kan bu fredeleg saman i eit hus.

Korkje gamle eller foreldre krev nokon fyremon i agt aa ære framom dei andre; men likevel bli dei vyrde paa sømeleg vis. Aldri tukt eller straf. Baana tek alle seg av aa læra op, aa dæ goe fyredøme æ nok her den beste læremeistaren. Folk seier, at i ein baaneflokk kan ein skilja dukhobors-baana fraa dei andre «som konnaks fraa straa«.

Dersom ein li uret av nokon aa denne ikje vil jera dæ gott att, naar han bli bed om dæ, fær ein med seg tvo, tri

brødrar til aa telja han til rettes. Monar ikje dette heller, bli han kalla fram for heile forsamlinga.

Kvar vel seg ut eit handverk eller steller med jordbruk, dei fleste æ jordbrukarar.

Dei hev inga sereige, dæ som *ein* eig reknar han at dei andre hev jamgo ret til. Dei hev *ein* buskap aa *eit* konnhus aa *ei* pengekjiste. Kvar tek av sameigna dæ som han hev bruk for.

Sit ophav kjenner dei ikje sjølv ein gong. Fraa dæ fyste budde dei spreitt over heile Rusland. So tok dei litt om sen til aa slutta seg ihop i samnøyte.

Mitt i aarhundrae vart dei jaga bort til nokre avsies bygder 5000 fot over have, i Kaukasus, millom halv-ville, raae folk; dei helt seg oppe likevel.

Men i 1887 vart dæ paaboe mannjamn hærplikt ogso i Kaukasus. Dukhoborsane held krig for synd, i fystninga fann dei seg likevel i aa jera øvingar, men so tenkte dei, at dette og va synd aa negta reint aa bera vaapn.

Sameigna deira, ein halv million rubler, vart teki fraa dei ved ei ulovleg domsavjerd. Daa vedtok 12000 av dei aa standa fast i trua, sae fraa seg bruke af vin, tobak aa al ovbuna, bytte dæ som dei hadde att millom dei mest naufengde aa tok til aa samla nye midlar.

I 1895 tok dei vaapna sine aa brende dei op. Men so utruleg dæ høyres vart dette tytt som opreistfreistna aa gav støyten til ei endelaus herjing aa plundring av kosakkar aa rettargang med pining, fengsel aa landlysing. Aa dei bli spreitt til alle kantar. Dei ber al liding med same tolmo som dei fyste kristne, men æ no hardt naufengde, so dei treng al jelp dei kan faa. Ingen sta vilde fredspengane av Nobel vera meir paa sin plass en her, som Leo Tolstoj seier.*)

*) Les endeleg boka om dei. «*Aandens stridsmænd.* Kristne martyrer i Rusland. Mærkelige meddelelser om religionsforfølgelser i vore dage. Ved Vlademir Tchertkoff og Leo Tolstoy.» Bokreiaren (Edv. Magnussen, Kristiania) æ so hæv at han let al intekta av boka gaa til Dukhoborsane. Alle som kjøper boka jelper difor desse aa samstundes fær dei noko av dæ beste gudsord som hev set ljose i vaare dagar.

Oslo prenteverk.

Aarspengar *for 1998 kr. 2.00 maa De senda snarast eller senda dette hefte attende*

Ekspedisjonen.

Fridom for **1897** er enno aa faa for 2 kr.